

Ikkje storbesøk på nyåret**24.01.2012**

**Det har ikkje akkurat vore noke storbesøk i TI-aren
så langt på det nye året og heller ikkje i dag,
men dugnadsdamene bak
disken går ut ifrå at det tek seg opp etterkvart som
sola stig!**

Kafeen har til no vore ope 4 tysdagar i 2012 og tala på
vaksne kundar har i rekkefylgje vore 30, 22, 32 og 25.
I dag var det også 6 born medan det ikkje har vore
nokon frå den yngre generasjon dei 2 føregåande
tysdagane.

Fleire av dagens gjester vil at vi skal rosa kafeleiringa for
å ha vore rause med saltet på trappa slik at det var
fårefitt å komma seg på kafe. Vi sender rosen vidare
til saltaren som var den aldri sviktande
'vaktmeister' Janne Olsson!

Av Ola Matti Mathisen